

KYRKJEBLAD

52. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3/98

Dale Bedehus

Laurdag 28. mars var ein stor dag i Dale Indremisjon si soge, då vart det nye bedehuset på Dale vigsla.

På bilet til høgre ser me ein smilande Ottar Dalseid saman med snikkar Magne Vikne, som mellom anna har snikra den flotte storsalen ferdig. Som takk for innsatsen fekk han ein Dalegenser.

På side 6 og 7 kan de lesa meir om vigslinga.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Frode Kvamsøe har skrivne pinseandakt.

Les den på side 3.

2. pinsedag skal det vera prestegjelds-gudsteneste i Vaksdal kyrkje .

På side 4 kan de lesa meir om det.

1. påskedag var det felles gudsteneste for Vaksdal og Dale i Vaksdal kyrkje.

Les om den side 4.

Side 8 finn de stoff frå Farne Tider, og minneord om tidlegare sokneprest Gudmund Skiftun.

På side 9 er det pinseoppgåve og anna stoff for dei yngre lesarane.

Regnbuen har spelt inn kasett, les om den på side 10.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 4. juni 1998.
Bladet kjem ut i veke 27 som byrjar med 29. juni.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.
Prestane har teleplikt.

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5280 Dalekvam
Tlf. 56 59 61 20
Fax 56 59 89 46

Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl.10.30-13.30

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 61 20
Tlf. privat 56 59 73 15

Kapellan Bård-Egil Dyrhol

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88
Mobiltlf. 94 55 12 87

Kyrkjevevje Svein Tøsse,

Heradshuset 4. etasje
Tlf. kontor 56 59 44 54
Mobiltlf. 94 55 12 86

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyar:
Ragnvald Kringlebotten,
5273 Stanghelle.
Tlf. 56 59 51 81.
Kasserar:
Asle Georg Karlsen, Boge,
5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.
Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese.

Kom, Heilag Ande

Kom Heilag Ande himmeltrøyst,
du hjartans von og vinning!
Kom ned og lei oss med di røyst,
med ljøs og råd og minning.
Kom til din kyrkjelyd
og Kristus for oss lyd!
Lat livet i ditt ljøs,
som elvi til sin os,
til himmelriket renna!

Kom ned som ljøs i mørke stad,
som vårdag over vangar,
som sumar utan solarglad,
som vind med søte angar!
Kom ned og fyll ditt hus
med heilag lovsongs sus,
lat i ditt tempelgjeld
ein stendig altareld
i takk og bøner brenna!

Kom ned som solskin over mold,
så natt og frost må røma!
Lat Ordet bera hundre foll,
og Herrens hage bløma!
Kom ned med livsens gror!
Gjer hausten rik og stor!
Kom ned og kyrkja bygg,
så ho kan standa trygg
når alt på jord skal falla.

Elias Blix



Nesheim kyrkje
Foto: Ragnvald Kringlebotten



Vaksdal
kyrkjelege
fellesråd

Stell av graver

Det vert som ei prøveordning høve til å tinga stell av graver på årsbasis på nokre av kyrkjegardane i Vaksdal kommune. Ordninga skal i fyrste omgang gjelda Vaksdal, Stamnes og Nesheim kyrkjegardar, og startar i år.

Kostnader med ordninga er utrekna til kr. 500,- pr. grav pr. år. Prisen for gravstellet omfattar ikkje kjøp av plantar, men utplanting og stell i sommarhalvåret.

Det vil vere høve til å tinga stell av graver for fleire år om gongen.

Spørsmål kan rettast til:
**Kyrkjevevja i Vaksdal, Pb 113,
5280 Dalekvam.
Tlf. 56 59 44 54.**

KYRKJESTADEN**DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

**kr. 150,-
hjá Petersen & Ypsøy
og på Kyrkjekontoret.
Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5280 Dalekvam.
Tlf. 56 59 61 20**

OBS!

Kyrkjekontoret har fått
faks:
Nummeret er: 56 59 89 46

FIRE BJELKAR

Det er spanande lesing å finne i Apostelgjerningane i Det Nye Testamentet. I kapittel 2 les vi om då Den Heilage Ande kom over dei som var samla i Jerusalem pinsedagen. Dei tala i tunger, på ulike mål, slik at òg dei tilreisande utlendingane skjøna kva som vart sagt. Peter haldt ein kraftfull tale om Jesus. **Denne Jesus var det Gud reiste opp, det er vi alle vitne om**, sa han. Mange høyrde etter på det Peter sa, og **då dei høyrde dette, stakk det dei i hjarta**. Dei gjorde òg som Peter sa, og vende om og let seg døypa. **Den dagen vart om lag tre tusen lagt til kyrkjelyden**.

Så står det om dei fyrste kristne:

Dei heldt trutt fast ved læra åt apostlane og ved samfunnet, brødsbrytinga og bønene. Tidlegare vart det på bokmål omsett slik at dei heldt fast ved Bekjennelsen, Brodersamfunnet, Brødsbrytelsen og Bønnene, og slik vart dei fire B-ane eit pedagogisk hjelpemiddel for oss til å hugse på det som kan seiast å vere berebjelkar i kyrkjelyden. Vi treng kan hende ikkje bokmål eller B-ar for å hugse på kva desse bjelkane er for nokre. Men at vi treng å hugse dei, og dermed lære noko av dei fyrste kristne, skulle det ikkje vere noko usemje om.

Læra åt apostlane:

Det dei fyrste kriste trudde på, var ein bodskap formidla av augnevitne. Likeeins er det med oss i dag. Sjølv om språk, kultur, geografi, tidsepoke osb. er annleis for oss no, er evangeliet det same. I det er krafta som frelsar oss og gjev oss Livet.

Samfunnet:

Det er sjølv sagt at kristne søker saman for å tilbe Gud, og for å få del

i den rikdomen det er å ha nokon rundt seg som deler trua. Å vere aleine som kristen er ikkje noko ideal, korkje i bodskapen frå Gud eller i livet til dei fyrste kristne. Det er nok mogleg å bere på trua si heilt åleine, men kvifor stå åleine når ein får så mykje på mange vis i fellesskapet med andre?

Brødsbrytinga:

Nattverden er sentral i det kristne fellesskapet. Han både formidlar Guds nåde og tilgjeving til oss menneske, og styrker kjensla av å høyre saman med andre som trur.


Bønene:

Bøna er sjølv andedraget i kristenlivet, og vi kan alltid be, åleine eller saman. Like lite som vi ynskjer

å halde pusten for å redusere utbyttet av livet, skal vi la vere å be for å ynskje å redusere det kristne livet. Den dagen vi som einskildkristne og som kyrkjelyd skjønar kva moglegheiter og rikdom vi eig i bøna, vil mangt verte annleis. I bøna kan vi kommunisere med Gud, og be om eller for det meste. Og ikkje minst gje han svar når han kallar oss til samfunn med seg.

Pinsen vert av somme omtala som kyrkja sin fødselsdag. Dei nesten tre tusen som vart lagde til kyrkjelyden den fyrste pinsedagen vart fødte på nytt. Mange i dag treng òg ein ny fødsel, og kyrkjelyden treng kan hende å gjenoppdaga dei bjelkane som held Kyrkja oppe.

**God Pinse!
Frode Kvamsøe**



PRESTEGJELDS-GUDSTENESTE 2. PINSEDAG I VAKSDAL KYRKJE

2. pinsedag kveld vert det felles gudsteneste for heile prestegjeldet, slik vi har bruka å ha den dagen dei siste åra. I år er denne gudstenesta i Vaksdal kyrkje. Det er då ikkje så lenge sidan det var prestegjeldsgudsteneste i Dale kyrkje; 8. mai avslutta ei slik gudsteneste bispevisitasen.

Andre gudstenester i løpet av året samlar óg folk frå fleire sokn, dette gjeld Vassbakkstemna og Sundagsskulens dag, så slike prestegjeldsgudstenester er ikkje ei ny oppfinning!

Det er heller umogleg å ha ei gudsteneste der alle som kunne ynskje det har høve til å koma. Ulike arbeidstider til dømes i industrien og i helse- og omsorgstenesta, gjer at et er umogleg å finne eit tidspunkt som høver for alle. Likeeins vil det vere særsvanskeleg for dei fleste som har gard å kome i frå når gudstenestene er på den tida av dagen.


Likevel er det med frimod vi inviterer til ei slik storsamling. Det er godt å møtast på tvers av soknegrensene somme gonger, det trur eg mange opplevde då det var felles gudsteneste for Dale og Vaksdal 1. påskedag. Når mange er saman til gudsteneste, er dette med på å gje ei rikare gudstenesteoppleving, og det kan merkast på til dømes salmesongen at vi er mange.

Kantorane vil stå i spissen for eit forsongarkor til denne gudstenesta, noko som allereie er kunnngjort i avisene.

Forsongarkoret har siste øving to timar før gudstenesta tek til. Men for at alle som ynskjer det skal få høve til å førebu salmesongen til gudstenesta, vert det øving på salmene for alle som vil vere med ein halv time før gudstenesta tek til. Etter gudstenesta inviterer Vaksdal sokneråd til ein enkel kyrjekaffi.

Vel møtt på Vaksdal 2. pinsedag!

Frode Kvamsøe



Påskedags- gudsteneste

Første påskedag vart det skipa til felles gudsteneste for Vaksdal og Dale i Vaksdal kyrkje. I påskenummeret skreiv me litt om kvifor det var ynskje om ei slik gudsteneste. Ein av grunnane var å samla fleire til gudsteneste og møta kvarandre over soknegrensene.

Det vart ei fin gudsteneste der meir enn 130 personar var samla. Eit forsongarkor sytte for at salmesongen vart rikare og Arne Olav Steinkopf nytta også trommer for å løfta salmesongen.

Det var også barnedåp, biletet under, og Bård-Egil Dyrhol sa at frå dei aller første tider har påskedag vore ein stor dåpsdag.

Elles fekk me gå fram til alteret for å motta Herrens nattverd.

Så alt i alt vart det ei fin samling der hovudsaka var bodskapen om Jesu oppstode.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

Kjære medlem i Dale sokn !

HAR DU LYST OG HØVE TIL Å GJERA EI TENESTE I KYRKJELYDEN ?


Dale sokneråd går med dette ut til medlemmene i Dale kyrkjelyd med bøn om hjelp med ein del praktiske oppgåver i kyrkjelydsarbeidet. Vi treng folk til ulike oppgåver.

Kryss av eller skriv ned det du kan tenkja deg å vera med på eller gjera ved ulike tilstellingar.

Når vi treng hjelp, tek vi kontakt med deg for å høyra om det passar.

Send lappen til:

**DALE SOKNERÅD,
BOKS 63,
5280 DALEKVAM.**



Dale kyrkje
Foto: T. Øvstun

OPPGÅVER VI TRENG HJELP MED I KYRKJELYDEN:

- | | |
|---|----------------------------|
| * <u>Dekka bord</u> | * <u>Vaska opp</u> |
| * <u>Rydd</u> | * <u>Pynta</u> |
| * <u>Baka boller / kake</u> | |
| * <u>Bera stolar og bord</u> | * <u>Smørja rundstykke</u> |
| * <u>Handla inn til ulike arrangement</u> | |
| * <u>Gje blomar frå hagen</u> | |
| * <u>Kyrkjekaffimedhjelpar</u> | |

Set kryss for det du kan vera med på.

NAMN: _____

ADRESSE: _____

TELEFON: _____



Anten det er rydding eller anna, oppgåvene i ein kyrkjelyd er mangfaldige.

Vigsling av Dale Bedehus

Laurdag 28. mars 1998 var Dale Bedehus fullsett av festglade folk då huset skulle vigslast.

Ottar Dalseid leia festen og las mellom anna opp eit skriv frå 19. Mars 1893 der det stod at det burde vera eit bedehus på Dale.

Likevel skulle det gå mange tiår før huset vart ein realitet. Småsal, kjøkken og garderober stod ferdig hausten 1992 og hausten 1997 vart storsalen teken i bruk, men heilt ferdig var den ikkje før i mars 1998.

Ottar Dalseid opna med eit ord frå Salme 48 der det mellom anna står at "Stor er Herren, og høgt er han lova".

Tale

Krinssekretær Audun Myksvold frå Nordhordland Indremisjon heldt vigsletalen, der han tok utgangspunkt i salme 69. Til overskrift på den salmen står det: "Brennhug for ditt hus har ete meg opp".

-Gud er interessert i alle slags hus, sa Myksvold, fordi det bur menneske der og det er mykje naud der. Herrens hus skal vera eit bønnehus, sa Myksvold og viste til Johs. 2,17 der dei hadde gjort templet om til krambu.

-Gud vil også at det skal vera eit nådens hus til vekking, frelse og evig liv, sa Myksvold.

Skriftlesing

Under vigslinga av huset deltok f.v. Audun Myksvold, Bjarne Taule, Nelly Andesen, Ottar Dalseid og Rose Kristin Dalseid med skriftlesing.

Helsingar

Det var mange som ville helsa Dale Indremisjon med huset.

Varaordførar Odd Helland helsa frå Vaksdal kommune og overrekte fire lysestakar i messing.

Frå Vestlandske indremisjonsforbund helsa Inge Ree og gav DVI sin vimpel.

Arne Verpelstad helsa frå Stanghelle Indremisjon og gav eit messingrelieff.

Einar Mjelde helsa frå Vaksdal

Indremisjon og Ingrid Leiren frå Dale sokneråd. Prestane Frode Kvamsøe og John Ove Taule helsa også.

Liv Stokke Sellevold gav lysestakar frå søndagsskulen og Kvite Band.

Frå Gunvor og Bjarne Taule fekk bedehuset eit okle.

Ottar Dalesid nytta høvet til å gje blomar til Liv Stokke Sellevold, Ruth Reigstad og Reidun Dalseid for fin innsats, biletet under.

Foto: Ragnvald Kringlebotten





På ein vigselfest høyrer god mat og drikke med. Her går betasuppa ned på høgkant.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Koret "Kilden" sytte for fin sang og musikk under vigslinga av Dale bedehus

Foto: Ragnvald Kringlebotten

Frå farne tider

Denne gongen tek me med nokre glimt frå mainumneret frå 1958.

Lous Mohr

I juni 1958 fullførde Lous Mohr arbeidet med altartavla, den skulle vigslast ved ei festgudsteneste.

Santalmisjonen

Santalmisjonen hadde krinsmøte på Vaksdal laurdag og søndag 31. Mai og 1. Juni.

Laurdag ettermiddag var det årsmøte og om kvelden offentlig møte der fleire misjonærar deltok.

Søndag var det gudsteneste i kyrkjene med offer til santalmisjonen.

Konfirmantar

Ved innskrivinga av konfirmantar første dagane i mai melde det seg 12 konfirmantar til førebuing på Bruvik, 19 på Vaksdal, 39 på Dale og 18 på Stamnes.

Ved gudsteneste 11. Mai på Bruvik og 17. Mai på Vaksdal fekk konfirmantane testamentene. På Dale og Stamnes fekk dei testamentene ved ei seinare gudsteneste.



Gudmund Skiftun til minne

Sokneprest Gudmund Skiftun er død. Han vart nær 93 år, og det er eit aktivt liv i kyrkja og i ymse prestetiltak som dermed er til ende.

Han vart fødd på Skiftun i Hjelmeland i Ryfylke 16. juli 1905, og i heile sitt yrkesaktive liv var han bonden, trufast mot sed og skikk og mot heimemålet sitt. Han var måldyrkar, og han åtte ein fin humor som lyste upp der han var med. Ein gong han i si Bruviktid hadde eit ærend inn til distriktslækjaren på Vaksdal, og då dei spurde innanfrå huset kven det var, kom svaret frå Skiftun: "Her luktar det kristenmanns-blod".

Teologisk embetseksamen tok han på Universitetet i 1936, og han vart ordinert til prest fyrst i 1939. For han arbeidde fyrst i nokre år som journalist i dagbladet Rogaland i Stavanger. Der var det mange lune reportasjar frå bladmannen Skiftun.

Etter ordinasjonen i 1939 var han hjelpeprest, millom anna i Kvam i Suldal. Men då krigen kom i 1939, sa han ifrå seg presteyrket for ei tid, og frå 1943 var han lærar.

Etter krigen vart Skiftun hjelpeprest i Sande prestegjeld på Sunnmøre, og der vart han seinare sokneprest, i åri 1953-59. Han var ein avhalden prest, og det vart sorg i prestegjeldet då han flutte til Bruvik prestegjeld i Hordaland, der han var sokneprest til han tok avskil ved aldersgrensa i 1974.

Han og kona Klara busette seg då i Stavanger, og dei heldt godt

samband med heimegrendene i Hjelmeland. Og i ei lang årrekke var Skiftun no ein god redaktør av det kristne bladet "Stille Stunder" som sunnmørsprest Johannes A. Barstad i si tid hadde skipa. Gudmund Skiftun kom dermed i samband med mange som var glade i det bladet som han sette farge på.

Ludv. Jerdal

LEIRAR:

Sætervika i Samnanger

19.06-22.06	8-10 år
22.06-25.06	10-12 år
25.06-27.06	7-10 år
29.06-03.07	Aktiv.leir 12-14 år
27.07-31.07	Ferieleir 8-12 år
31.07-03.08	Generasjonsleir
04.08-09.08	Interess.leir 13-18 år
10.08-14.08	Ferieleir 10-14 år

For informasjon om pris m.m ta kontakt med:

**Norsk Luth. Misjonssamband,
Ø. Muralm. 18,
5012 Bergen
Tlf. 55 32 12 52**

Kvamsseter, Kvamskogen:

19.06-21.06,	Barneleir 2.-5.kl.
22.06-25.06,	Horisontleir 5.-8.kl
30.07-02.08,	Barn-bestef. Leir
11.08-14.08,	Horisontleir 5.-8.kl

Brandøy på Bjoa:

22.06-26.06	Yngresleir 5.-7.kl
-------------	--------------------

Skottevik v/ Lillesand:

26.06-28.06,	Familiefestival
04.08-09.08,	Ten-misjonsfestival

Åpta:

29.07-02.08,	Nettverk-98
--------------	-------------

vaksen ungdom


For informasjon ta kontakt med:

**Det Norske Misjonsselskap,
Vestre Murlam. 15,
5011 Bergen.
Tlf. 55 31 00 61**

Pinse for dei yngre lesarane

Les om pinsehendinga i Apostelgjerningane kapittel 2 i Bibelen, og svar på spørsmåla.

1. Kven steig fram og tala til det rådville, forskrekka folket?
2. Kva trudde folk læresveinana hadde drukke?
3. Den Heilage _____ kom til læresveinane pingsdagen!
4. Kvar var læresveinane på pingsdagen?
5. Kva var det som sette seg på hovuda til læresveinane?



Pinse

Pinse er til minne om at læresveinane fekk Den Heilage Ande. Då Jesus hadde reist tilbake til Gud, var læresveinane fælt redde. Kva skulle dei gjera utan meisteren sin? Då sende Gud Den Heilage Ande til dei. Den Heilage Ande skulle trøysta dei og hjelpa dei til å tru på Jesus også når dei ikkje såg han lenger. Den Heilage Ande kjem også til oss.

Anden kom på pingsdagen som ei stor eldtunge som delte og sette seg på hovudet til kvar av læresveinane. Då gjekk dei straks ut og fortalde om Jesus og alt dei

hadde opplevd saman med han. Sjølv om det var folk med mange forskjellige språk som hørde dei, forstod alle kva dei sa. Over 3000 menn vart døypte denne første pingsdagen som sidan er blitt kalla kyrkja sin fødselsdag.

I kyrkja er fargen til pinse (den liturgiske fargen) raud etter eldtungene. Eit viktig kyrkjeleg symbol for pinse er dua. Evangelia fortel at Den Heilage Ande kom over Jesus som ei due då han vart døypt i Jordan.

Pinse er både ei høgtid og ein stor vårfest. I gamle dagar var pinse tida for den store samankomsten ute i det fri mange stadar. Bygdefolket samla seg og

brente bål på alle haugane omkring, det vart konkurransar og leikar, dans og spel. Det var viktig at det kom mest mogleg røyk frå bålet, men det var ikkje berre for moro skuld. Røyken skulle verna om åker og eng. Bålbrenninga skulle fremja voksterkreftene og skremma vekk alt vondt pakk.

Fleire stadar er det framleis tradisjon å eta pinsefrukost ute i hagen, til glede for store og små. I dag er pinse ei av dei største årlege utfartshelgane i landet vårt.

KPK

Kassettinnspeling av Regnbuen

Barnekoret Regnbuen spelte inn kassett i Dale kyrkje måndag 27. april.

Kassetten inneheld flott song og musikk for både øyrene og sjela. Dei har mange gode solistar på kassetten, der dei syng sine mest kjende songar. Kassetten kan anbefalast til både unge og eldre (gåvetips).

Alle bør nytta dette høvet til å tinga denne kassetten.

Kassetten kan tingast hjå:

Sølvi Alvheim tlf. 56 59 51 61,
Merete Kjelby tlf. 56 59 51 60,
innan 9. juni.

Firmaet Klassekassetten frå Askøy stod for opptaket.

Framtidsvon for unge

Medlemer i Kristen Pedagogisk Forbund (KPF), samla til generalforsamling, ønskjer å gi uttrykk for glede over Verdikommisjonen som regjeringa har oppnemnt.

-Vi vonar kommisjonens arbeid vil gjera sitt til å skapa sterkare verdinessig vedvit i samfunnet, og at kommisjonsarbeidet vil fokusera dei kristne verdiane som skulens læreplan og formålsparagraf vektlegg, og slik formidla framtidsvon til barn og unge, heiter det i ei fråsegn frå KPF.

KPK

- God diagnose, feil medisin

Ungdomskampanjen "Verd å vente på" blir kraftig kritisert i den nyleg utkomne boka "Sex, kjønn og kristentro" (Verbum forlag). Kampanjen blir mellom anna skulda for ikkje å ta ungdomars røynsler på alvor. Forfattaren av boka, Åse Røthing, har intervjuet 22 kristne jenter om seksualitet, parforhold og kristen forkynning, og konklusjonen hennar er klår: Kommunikasjonen mellom leiarar og ungdom om dette temaet, fungerer svært dårleg. Røthing utfordrar kyrkja til å ta eit oppgjær med tradisjonell undervisning om seksualitet, og til å tenkja nytt om kva som er rett og gale på det seksuelle området.

-Øyvind Benestad, du er leiar for "Verd å vente på". Kva er din kommentar til denne boka?

-Kort sagt er min reaksjon denne: Diagnosen er god, men medisinen er feil. Røthing har rett i at det er dårleg kommunikasjon om seksualitet og samliv i mange kristne miljø, og har rett i at mange unge ikkje følgjer den rettleiinga som leiarane deira gir. Men medisinen for dette kan ikkje vera å omskriva Bibelens ideal og krav, jamvel om dei ikkje er lette å leva opp til. Som kristen trur eg at Gud vil vårt aller beste, og at det gode livet går ut på å leva etter hans vilje, seier Benestad.

KPK



Utan unge dør kyrkja

-Dersom det kristne ungdomsarbeidet vert endå meir svekka i åra som kjem, brenn det eit blått lys for kyrkja. Nå må leiarane i kyrkja arbeida for rekruttering! Elles risikerer kyrkja å gå inn i neste årtusen med ei rekkje ledige stillingar, seier generalsekretær i Norges KFUK-KFUM, Ørnulf Elseth

KPK

Over 400 000 misjonærer

409 000 misjonærer er sende ut av 4650 misjonsselskap verda over. Dette viser ein statistikk som International Bulletin of Missionary Research har laga

KPK

Kristne radioprogram på Internett

Norea Radio har nå lagt ut informasjonssider med lydklipp, program og andaktar på Internett, opplyser bladet Ungdom og Tiden.

Datamaskinar med lydkort kan ta inn andaktar slik at dei kan høyrast som eit vanleg radioprogram. Stipendiat Martin Haukedal i Norea har lagt programmet til rette. Det finst på adressa: www.norea.no

KPK



kjøpeutbytte

DALE HANDELSFORENING

avd. Dale 56 59 61 01
 Avd. Stamnes 56 59 82 03/56 59 82 02
 Avd. Stanghelle 56 59 50 35

ALT I KJØKKENINNREDNING

BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE

**SNEKKER
 KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

Nye Dale

VERTSHUS

5280 Dalekvam Tlf. 56 59 40 40
 Din lokale leverandør av snitter,
 koldtbord, middag og pizza
 til alle anledninger.

Trelast og byggevarer



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70
 Dalegarden, 5280 Dalekvam



PETERSEN & YPSØY AS

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping
 Tlf. 56 59 61 58
 Kontormateriell - Leiker - Hobby - Foto
 i 2. høgda Dale Handelsforening
 tlf. 56 59 79 80

Salg av nye og brukte biler
 Service alle bilmerker
 Karosseri og lakk
 Bilberging



DALE BIL AS

TLF 56 59 60 89 - FAX 56 59 60 04
 BOKS 124 - 5280 DALEKVAM

Er du sommarklar?

Sjå våre tilbod på sommarvarer
 * Grillutstyr - * Storkiosk
 Hugs Propan!
 Gode tilbod på sommardekk



Postboks A, 5280 Dalekvam
 Tlf. 56 59 66 35

Kafe Dale - 56 59 60 90
 Kiosk - Stanghelle - 56 59 53 33

Me leverer:

* Kaldtbord * Snittar * Pizza
 Be om forslag/Pris



CAMILLA'S KRO

DALE FINA SENTER

- * SNITTAR 14,50
- * KOLDBORD
- * FEST-LOKALE
- * BEGRAVELSAR
- * HEIMELAGA MAT



- * BENSIN
 - * DAGLEGVARER
 - * NISTEPAKKER
 - * STØRST PÅ MUSIKK
- Tlf. 56596736

God pinse!

Returadr.:

Vaksdal kyrkjeblad

Postboks 113, 5280 Dalekvam

SLEKTERS GANG

DØYPTE



DALE

05.04 Endre Lid Øie

19.04 Olav Stokke Bøe

03.05 Kjetil André Trengereid Hop

Døypet i Samnanger kyrkje

VAKSDAL

12.04 Benedicte Adelen Helgesen
Jordal

12.04 Kate Marie Rødberg Arne

STAMNES

13.04 Runar Hesjedal

AVLIDNE



DALE

21.03 Arthur Fadnes, f. 1917

22.03 Randi Arne, f. 1909

27.03 Anna Grøslund, f. 1914

01.04 Andry Rongved, f. 1920

11.04 Ivar N. Hesjedal, f. 1908

BERGSDALEN

27.04 Knut Rødland, f. 1910

VAKSDAL

28.04 Olav Synsvoll f. 1902

STAMNES

03.04 Knut Simmenes, f. 1904

VIGDE



DALE

26.04 Sæbjørn Langhelle og
Daniela Kosová

VELKOMEN TIL KYRKJE



31.mai - 1.pinsedag

DALE kl.11. Høgtidsgudsteneste. Dyrhol. Nattverd. Offer til Dale Indre-misjon - bedehuset.

STAMNES kl.11.

Høgtidsgudsteneste.

Prostiprest Larsen. Nattverd. Offer til speidarane på Stamnes.

EKSINGEDALEN kl.11. Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Redd Barna.

1.juni - 2.pinsedag

VAKSDAL kl.18.00 Prestegjeldsgudsteneste. Kvamsøe og Dyrhol. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap. Kyrkjekafi.

Kl.16.00 Forsongarkoret øver

Kl.17.30 Kyrkjelyden øver

7.juni - Treeingssundag

BERGSDALEN kl.11. Dyrhol. Nattverd. Offer til Bergen Søndags-skolekrets.

DALE kl.18. Dyrhol. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

14.juni - 2.søndag etter pinse

FITJAVASS-STEMNA kl.12.
Aase.

Laurdag 20.juni

DALE kl.18. Konsert v/ David Scott Hamnes, orgel.

21.juni - 3.søndag etter pinse

STAMNES kl.11. Dyrhol. Nattverd. Offer til Stamnes bedehus.

VAKSDAL kl.19. Dyrhol. Nattverd. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

28.juni - 4.søndag etter pinse

NESHEIM kl.11. Dyrhol.

DALE kl.19. Larsen. Nattverd. Offer til Dronning Mauds Minne.

ORGELKONSERT

I DALE KYRKJE

laurdag 20.juni med
DAVID S. HAMNES

I samband med Daledagane vert det konsert laurdag 20.juni kl.18.00 i Dale kyrkje. Det er David Scott Hamnes som kjem for å spela i den kyrkja der han var vikar for to år sidan. For tida arbeider han som organist i Namsos kommune, er dirigent for eit kyrkjekor og musikk lærar ved Namsos vidaregåande skule og den kommunale musikk skulen i Namsos.

Hamnes var organistvikar i Dale kyrkje 1995-96. I denne tida heldt han fleire konsertar både i kyrkjene våre og i Bergen. Han var dirigent for KORDIAL og pianist for REGNBUEIN. I orkesteret «FOSSEGRIMEN» spelte han bratsj.

Hamnes er født i Adelaide i Australia i 1971 og studerte orgel-solospel i sju år ved Melbourne University før han i 1994 flytta til Namsos, heimbyen til faren. Han har organisert og spelt ved fleire populære konsertar i Nord-Trøndelag. Han har også halde konsertar i Norge, England og Australia.

Programmet for konserten er ei blanding av eldre og nyare orgel-musikk. Med tidlegare konsertar av Hamnes i minne, kan vi sjå fram til ei stor musikalsk oppleving i Dale kyrkje.



David Scott Hamnes spelar i Dale kyrkje 20. juni.

Arkivfoto